



**Surnadal kommune**  
**Næring, bygg og miljø**

Nordmøre næringsråd  
Prosjektleder Jens-Eric Eliassen  
Einingsleder Håvard Stensønes

**Melding om vedtak**

**Dykkar ref:**  
«REF»

**Vår ref**  
2012/2164-27

**Saksbehandlar**  
Bodil Gjeldnes

**Dato**  
23.06.2014

**Interkommunal kommunedelplan for sjøområda på Nordmøre - søknad om forlenging av prosjektperiode**

Vedlagt følger vedtak gjort av Surnadal kommune.

Med helsing

Bodil Gjeldnes  
miljøvernkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	66/14	10.06.2014
Kommunestyret	54/14	20.06.2014

### **Interkommunal kommunedelplan for sjømråda på Nordmøre - søknad om forlenging av prosjektperiode**

Vedlegg

1 052514\_kommunedelplan for sjømrådene på nordmøre

#### **Saksopplysningar**

Høsten 2013 starta prosjektet «interkommunal kommunedelplan for sjømråda på Nordmøre». ORKidé har etablert prosjektet som har hatt ei økonomisk ramme på 3,6 mill. kroner over to år, med betydelig finansiering fra fylkeskommunens ”Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond”. Opprinneleg prosjektperiode var frå august 2013 – august 2015. Tingvoll kommune er vertskommune for prosjektet og det er tilsett ein eigen prosjektleiar med kontorstad i Tingvoll.

Målet er å få ein heilheitleg og økosystembasert (bærekraftig) arealforvaltningsprosess som munnar ut i éi felles plan for bruk og vern av fjord- og kystareala i 11 kommunar. Sjømråda er ein felles ressurs, og kommunegrensene stoppar ikkje effektar av tiltak. Prosjektet er kome godt i gang, og eit forslag til planprogram ligg allereie føre. Det essensielle for Surnadal i denne samanhengen er den forventede veksten i oppdrettsnæringa i landet generelt og på Nordmøre. Med dei problema dette kan medføre for dei ville stammene av laks og sjøaure i våre elver, er det av stor betydning at vi deltek i prosessen.

Surnadal kommunestyre slutta seg til og gjorde slikt vedtak 08.05.2013:

1. Surnadal kommune sluttar seg til arbeidet med felles sjømrådeplan for Nordmøre.
2. Kommunen stiller med eigen ressurs tilsvarande 2 månadsverk over to år for å utarbeide plandokument og anna i tråd med prosjektbeskrivelsen.
3. Kommunen løyver kr. 47 229,- frå disposisjonsfondet over to år som sin andel av felleskostnadene i hht. vanleg Orkidè-nøkkel. Dette under føresetnad av at anna finansiering ikkje kjem til prosjektet.

På vegne av ordfører- og rådmannskollegiet på Nordmøre (Orkide) søker leiar Ingunn Golmen no om forlenging av prosjektperioden frå to til tre år. Nærmare bestemt frå august 2015 – august 2016. Bakgrunn for dette er:

- ✓ Sjøområdeplan Nordmøre involverer 11 kommuner og vil trenge 3 år på å fullføre dette på en hensiktsmessig og forsvarlig måte.
- ✓ Det er lagt opp til en bred medvirkningsprosess både for «Forslag til Planprogram og for «Planen», hvor en tilstreber at interesserte parter i løpet av planprosessen vil få mulighet til medvirkning i en eller annen form.
- ✓ Planområdet omfatter en rekke ulike interesser og hensyn som skal tas inn i planarbeidet. For å sikre et mest mulig helhetlig arealavveining skal alle interesser kartlegges og danne grunnlag for videre utredninger og vurderinger. Arealforvaltningen skal være kunnskapbasert.
- ✓ Alle temadata søkes så langt som mulig digitalt fremstilt, og være av en slik kvalitet at de danner grunnlag for en mest mulig helhetlig og bærekraftig forvaltning av sjøområdene. Disse samles og inngår i en felles digital kunnskapsbase som vil være tilgjengelig for fremtidig planlegging og forvaltning i planområdet. Møre og Romsdal Fylkeskommune stiller ressurser til disposisjon for dette arbeidet, men vakanser i stilling medfører noe forsinkelse.
- ✓ At et tilsvarende pågående sjøplanprosjekt for Romsdalsfjorden med 5 kommuner utvider fra 2 til 3 år.

Oppsummert kan det seiest at prosjektet viser seg å være såpass omfattende at ei tidsmessig utviding blir vurdert å være nødvendig. Sjå elles søknad til slutt i vedlegg.

Same finansieringsmodell som er vedtatt for dei to første prosjektåra blir lagt til grunn. Kvar kommune bevilger sin andel av kostnadane, og stiller i tillegg ressursar i form av eige arbeid til disposisjon (1 månadsverk pr. år).

ØKONOMI	Aug 2013 til Aug 2015	Aug 2015 til Aug 2016	
<b>Antall år</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	
<b>Kostnader</b>	<b>1000 kr</b>	<b>1000 kr</b>	
Post			
Prosjektleder 2 år + 1 år	1 600	800	Årverk
Kontorhold, reise	200	100	Inkludert drift av styrings- og areidsgrupper
Utredninger, planlegging, kommunevis	1 500	750	2 hhv 1 månedsverk/kommune á kr 500/time
Konsulenttjenester	300	150	Noe ekstern bistand på påregnes
<b>Sum</b>	<b>3 600</b>	<b>1 800</b>	
<b>Finansiering</b>			
Eget arbeid i kommunene	1 500	750	
Tilskudd	1 600	800	Møre og Romsdal Fylkeskommune 1)
Tilskudd fra de 11 kommunene	500	250	ORKidé-fordelt
	<b>3 600</b>	<b>1 800</b>	

1) Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond (MMV)

MMV har søknadsfrist 1. september 2014.

Fordeling på kommunene, forutsatt at alle kommunene deltar:

Periode	Aug 2013 -	Aug 2015 -
	Aug 2015	Aug 2016
<b>Antall år</b>	<b>2</b>	<b>1</b>
Kristiansund	148 033	74 017
Tingvoll	31 138	15 569
Halsa	22 898	11 449
Smøla	25 951	12 976
Eide	33 063	16 532
Averøy	45 203	22 602
Sunnadal	54 250	27 125
Surnadal	47 229	23 615
Aure	33 452	16 726
Neset	30 591	15 296
Gjemnes	28 192	14 096
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>500 000</b>	<b>250 000</b>

Aktuelt bidrag frå Surnadal kommune for perioden august 2015 – august 2016 er kr 23 615.

## Vurdering

Dagens reglar i plan- og bygningslova krev grundige og omfattande planprosessar. Når 11 kommunar skal involverast blir arbeidet enda meir ressurskrevande. Tilsvarende planarbeid i

Romsdalsfjorden, som involverer langt færre kommunar, har og blitt forlenga med eit år. Rådmannen tek derfor Orkides søknad om forlenging av prosjektperioden til etterretning. Det vil sjølsagt vere svært negativt om planarbeidet blir av dårlig kvalitet, evt ikkje fullført.

For Surnadal kommune vil ei felles interkommunal plan for kyst- og fjordområda på Nordmøre kunne skape større forutsigbarheit enn kva vi har sett til no t.d når det gjeld omfang og plassering av nye oppdrettsanlegg. Samtidig skal ein være klar over at ein evt vekst i sjømatproduksjonen på Nordmøre også vil ha positiv økonomisk betydning for Surnadal. At vi da deltek i planarbeidet og bidrar i lag med dei andre nordmørskommunane til å finne gode løysingar for bruken av sjøområda er naturleg.

### **Rådmannen si tilråding**

1. Surnadal kommune sluttar seg til å utvide prosjektperioden til prosjektet «Interkommunal kommunedelplan for sjøområda på Nordmøre» fra to til tre år.
2. Kommunen stiller med eige ressursar tilsvarande 1 månadsverk i siste prosjektår for å fullføre plandokumentet i tråd med prosjektbeskrivelsen.
3. Surnadal kommune sin del av kostnaden kr 23 615 for august 2015 – august 2016 i hht. vanleg Orkide-fordelingsnøkkel, må inndeckast i eksisterande ramme. Dette under føresetnad av at anna finansiering ikkje kjem til prosjektet.

### **Behandling i Formannskapet - 10.06.2014**

#### Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

#### **Formannskapet si tilråding:**

4. Surnadal kommune sluttar seg til å utvide prosjektperioden til prosjektet «Interkommunal kommunedelplan for sjøområda på Nordmøre» fra to til tre år.
5. Kommunen stiller med eige ressursar tilsvarande 1 månadsverk i siste prosjektår for å fullføre plandokumentet i tråd med prosjektbeskrivelsen.
6. Surnadal kommune sin del av kostnaden kr 23 615 for august 2015 – august 2016 i hht. vanleg Orkide-fordelingsnøkkel, må inndeckast i eksisterande ramme. Dette under føresetnad av at anna finansiering ikkje kjem til prosjektet.

### **Behandling i Kommunestyret - 20.06.2014**

#### Votering:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Kommunestyret sitt vedtak:**

7. Surnadal kommune sluttar seg til å utvide prosjektperioden til prosjektet «Interkommunal kommunedelplan for sjøområda på Nordmøre» fra to til tre år.
8. Kommunen stiller med eige ressursar tilsvarande 1 månadsverk i siste prosjektår for å fullføre plandokumentet i tråd med prosjektbeskrivelsen.
9. Surnadal kommune sin del av kostnaden kr 23 615 for august 2015 – august 2016 i hht. vanleg Orkide-fordelingsnøkkel, må inndeckast i eksisterande ramme. Dette under føresetnad av at anna finansiering ikkje kjem til prosjektet.

